

marknad. Her og skar planane våre seg noko. Etter å ha vore ein kort tur innom Copacabana møtte vi på to ungar som tagg pengar. Her heller gav vi ikkje pengar, men etter litt diskutering fram og tilbake kom vi fram til at vi skulle ta dei med på eit supermarket for å handle mat. Ungane, ei jente og ein gutt, viste veg, og vi gjekk, og vi gjekk, og vi gjekk. Etter at vi begynte å kome vekk frå hovudgata og folkemengdene, og det vart meir og meir «grisgrendt», må eg ærleg innrømme at eg vart litt – ja, skeptisk – men, ungane var sikker i si sak. Vi gjekk, vi gjekk og vi gjekk. Og, di meir vi gjekk, di meir usikker vart eg. Vi hadde då alt av verdisaker på oss. Pass, pengar, kamera, klede, mobil, fotografi og adresse til vandrarheimen. Kva skjedde dersom dei robbra oss no? Kva skjedde dersom dette var avtalt spel? Kva om det stod ein skummel gjeng bak neste hjørne, og både robbra, voldtok og drap oss? Då hadde vi jammen ikkje kome langt med å prøve å hjelpe.

Heldigvis! Alle mine bekymringar var unødvendige, rundt neste hjørne låg faktisk supermarketnaden. Vi handla ris, bønner, mjølk, brød, babymat, smør, sukker, påskeegg, sko, såpe, parfyme og mykje meir til den nette sum av 200 real. Bortimot 500 norske kroner altså, og det er mykje her nede i Brasil. Når eg legg til att 300 Real (720 norske kr) i månadasløn er godt betalt, forstår vel dei fleste at det var mykje pengar for dei. Etter dette gjorde vi noko vi ikkje har gjort verken før eller etterpå. Vi gav dei pengar. Til bussen. Det var so mykje mat at dei aldri kunne greie å bere maten heim.

Slik gjekk altså ferien vår. Som turistar. Vi reiste tilbake til Mogi same dag og fortsatte arbeidet vårt. Det var mykje betre. Å vere oppi det heile tida, og ikkje berre sjå det på avstand.

Kyrkja

Arbeidet her nede vert gjort i kristen regi, og eit kristent livssyn pregar det heila. Menigheta eg har vore i her nede er pinsemenigheita, med ein norsk pastor, Turid Dahl. Eit menneske det er lett å bli glad i, og som tenkjer på alle. For min eigen del var pinsemenigheita fullstendig ukjent, og det var vel med litt skrekksblanda fryd eg reiste på mitt første møte her nede. Det er vel ikkje akkurat det same som Den Norske Statskyrkja. Likevel, eg overlevde, eg vart tatt i mot med opne armar, og føler meg verkeleg velkommen der. Men, trur framleis at eg som, ja, ein vanlig norsk kristen, vil halde meg til den vanlege kyrkja som vi har heime.

Brasil

Eg elskar Brasil! Brasil er for meg – alt. Det er glede, det er tårar, trist, leitt, forferdeleg, grusamt, men likevel, det er mitt livs oppleving så langt. Eg er for så vidt ikkje blitt så gyselig gammal endå, men eg trur likevel det blir vanskeleg å overgå dette. Eg har som eg nemnte fått fleire babyar. Mødre har berre levert små babyar til meg og sagt eg skulle ta dei med meg heim. Berre tanken er absurd heime, men her... Her skjer det nok meir enn vi tør tenkje på. Eg har sjølv sagt ikkje tatt i mot nokon av ungane, sjølv om det har vore hardt å seie nei mange gongar. Uansett kor uerfaren og ung og uviten eg er, så er eg av den oppfatning at eg skulle greidd det betre. Eg skulle gjort det betre. Men, hadde det gått har eg spurt meg om mange gongar? Korleis hadde ein unge takla kultursmellen det hadde vore å reist til Norge i lag med meg? Eg veit ikkje. For, det er ei kjennsgjerning at dei fleste mødrane har gått på ein form for rusningsmiddel under svangerskapet. Heime seier vi at dersom ein røyker under svangerskapet kan ungen lett utvikle ADHD. Kva då med ein evig rus i ni månadar. Kva ettervirkningar kan det gje?

Eg elskar landet, men samtidig kunne eg nok aldri budd her for evig. Eg kunne nok aldri funne meg ein brasiliansar (reint hypotetisk, for eg har allereie ein nordmann). Til det trur eg kulturane er for ulike. Kvinnerolla er ei fullstendig anna her nede. Ein mann sa til meg at løysninga for Brasil og deira u-landsrolle måtte vere at kvinnene reiste seg. Det var godt sagt. At kvinnene krev meir, at dei vil meir, at dei vil gå skule, at dei ventar med ungar, at dei ikkje er tilfreds med berre å gå heime.

Reise tilbake... Eg veit at eg kjem til å gjøre det. Voneleg allereie til hausten. Vere fram til jul. Arbeide her lenger. Eg brenn for dette! Å få arbeide med dette førebryggande arbeidet som eg no gjer. Å lære ungane at det går ann å gjøre anna enn å ruse seg på narkotiske stoff, vere prostituert, bli gravid, få ein haug med ungar. Eg elskar rett og slett kvar enkelt av dei 45 ungane som no har blitt 41. Eg har fått meg ein fadderunge her nede, Larissa. Ho er seks år, og direkte nydelig. Eg ser ho kvar dag, pratar med ho kvar dag, hjelper ho med leksene, deler løyndomar med ho, leikar, teiknar og ikkje minst kosar og klemmar.


Eg anbefaler alle å gjøre som eg har gjort. Ein har godt av det, sjølv om det er vondt. Eg har endra syn på mange ting etter dette opphaldet her, og når de les dette er det 14 dagar til eg er heime. Det kjem til å verte min verste avskjed nokon gong. Eg gruar meg allereie. Difor; eg reiser tilbake! No veit de i alle fall det. Alt av familie, vennar og kjende. Eg reiser ned att så fort eg greier å tene meg opp nok pengar. Til Brasil, til Brasil. Brasil i mitt hjarte!

Etterord

Dette arbeidet blir i all hovudsak finansiert frå Norge, av frivillige arbeidarar, kronerulling, basarar, skuleklassar, barnehagar, privatpersonar etc. Hovudmannen her nede er Jakob Langåker, ein Karmøymann som har jobba frivillig meir eller mindre dei siste 15 åra. Han budde sjølv på gata i São Paulo, frivjug, i tre måna-



Gatebarn i Rio de Janeiro. Eg stolte ikkje på dei ved første øyekast, men etter mye vandring og spekulering kjøpte vi mat til dei.



Gatevandring i São Paulo nattestid. Alle desse bur på gata, og ein kan sjå på auga at samtlige er tydelig rusa, til og med limposen vart med på bildet.

der, for å sjå korleis det verkeleg var. Han har tatt hand om mange gatebarn, og fleire har han opna heimen sin for, og husa dei over fleire år. Hjelp med skulegang, arbeid og så vidare har han også stått for.

Som nemnt tidlegare er det og ei dame her ved namn Turid Dahl. Ho er utsendt misjonær frå Norge, og har jobba her nede i to år som pastor. Både ho og Jakob Langåker er flotte personar som eg verkeleg beundrar og ser opp til.

Den siste månaden har det

endeleg gått i orden med det «nye prosjektet» som vi kallar det her nede. Det er blitt kjøpt eit hus som er kyrkje i eine delen, med skule i den andre. Det er eit hus som er utanfor slummen, og dermed mykje betre for ungane. Å få dei ut av slummen, å gi dei andre alternativ. Det ligg landsens til, det er gras der, blomster, tre, og eg ser verkeleg moglegheit til noko stort der. Graffiti-undervisning, skule-undervisning, musikk-undervisning, møteverksem, fotball, basket, gartnararbeid og blom-

ster, ja det er vel eigentleg uenlege moglegheit. Problemet der vi har halde til fram til no, har i grunnen vore at trygghet til alle i slummen blir kraftig redusert etter fem på ettermiddagane. No, når vi får komme oss ut av slummen, blir det vonleg annleis. Eg håpar i alle fall det, håpar det skal ordne seg for fleire, håpar at det skal vere håp for fleire. For, om ikkje eg håpar det, kven skal då ha håp for dei.

Med beste helsing, Elina S. Tomren Toivanen